

Soknerådsmøte i Moster kyrkje

tysdag 09.02. 2021 kl.19:00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Marta Fauskanger Ekberg, Per Harald Gjerde, Camilla Rubach, Elin Taranger, Heidi Torkelsen Fagervik og Aksel Lygre.

Sak 8 – 2021 Godkjenning av møtebok frå 12.01.21 og innkalling.

Møtebok og innkalling godkjend.

Sak 9 – 2021 Oppfølging av tidlegare saker.

Felles samling for tilsette og soknerådet i april: Denne samlinga vert utsett til neste år.

Flaumlys. Rune informerte etter å ha hatt kontakt med lokal elektriskar. Dersom skada pærer ikkje kostar alt for mykje å erstatte, går soknerådet inn for å få flaumlyset utbetra så snart som råd.

Montering av kamera og anna utstyr for strøyming frå Moster kyrkje: Saka vert utsett til april.

Sak 10 – 2021 Årsmeldinga.

Me gjekk gjennom forslag til årsmelding for 2020 og ferdigstilte meldinga. Utkast til ferdig årsmelding kjem i løpet av veka før soknerådsmøtet.

Vedtak: Forslag til årsmelding vart vedtatt. Aksel får ansvar for trykking og distribuering. Dersom me ikkje kan ha årsmøte ved fysisk frammøte, vert årsmeldinga lagt inn på kyrkja si heimeside.

Sak 11 – 2020 Balanse i rekneskap – overføring mellom konti.

Elin orienterte.

Vedtak: Overskotet er overført til disposisjonsfond.

Sak 12 – 2021 Årsrekneskap og rapport 4. kvartal

Vedtak: Soknerådet tek rapport for 4. kvartal til vitande, og årsrekneskapen til vitande, og den er å rekne som del av årsmeldinga, saman med budsjett.

Sak 13 – 2021 Konfirmasjon 2021

Det har blitt sendt ut signal frå sentralkyrkjeleg hald om eventuell utsetjing av konfirmasjonsdatoar.

Vedtak: Moster sokneråd vil, -med 5 stemmer og to blanke, gå inn for konfirmasjon i september. Det kan eventuelt bli meir enn fire gudstenester.

Sak 14 – 2021 Jubileumsskrift for Moster kyrkje 2024 og jubileumskomiteé.

Randi Olsen har takka ja til å vere redaktør for jubileumsskriftet.

Vedtak: Moster sokneråd takkar Randi Olsen for positivt svar, og gler seg til vidare samarbeid. Med redaktør på plass må det snarast råd, i samarbeid med komité,

arbeidast fram eit budsjett og få fram planar for finansiering, anbodsrunde for trykking og korleis me tenkjer om distribusjon.

Sak 15 – 2021 KN-aksjon.

Det er lite sannsynleg at det i 2021 kan vere ein vanleg bøsseberar-aksjon. Kyrkjestaben legg difor opp til digitalt prosjekt med konfirmantane og høve til å gje pengar til Kirkens Nødhjelp på vipps.

Vedtak: Moster sokneråd støttar initiativet med digitalt prosjekt som gjennomføring av fasteaksjonen 2021, og takkar for det gode arbeidet som vert gjort.

Sak 16 – 2021: Søknad frå NKSS om at Moster kyrkjelyd vert partnarkyrkjelyd.

Vedtak: Soknerådet går inn for å verte partnarkyrkjelyd for NKSS. Me forpliktar oss med dette til eit takkoffer årleg, og til jamnleg å be for skular og studiestader i nærområdet.

Sak 17 – 2021 Referat og meldingar

Temakveldar: 17.februar, fastegudsteneste. Sidan dette er oskeonsdag, føreslår me for kyrkjestaben å strøyma denne. Predikant: Gunnvald Bjotveit.

Sak 87 om dårleg lukt: Info om vifte og vasslås.

Kyrkjemusikalsk utval.

Orgelkomiteen

Trusopplæringsutvalet

Estlandskomiteen – sjå vedlagt referat. Digital planlegging i mai. Digitalt arrangement.

Samrådsmøte med bedehusa 2.februar. AU orienterte.

Frå fellesrådet og administrasjonen

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Per Harald Gjerde

Skrivar